



Arkivnr: 2016/2491-1

Saksbehandlar: Berit Nyland

Saksframlegg

## Saksgang

Fylkesutvalet

17.03.2016

## Val av representantar til kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter

### Samandrag

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland ( KIS) er sett saman av 14 faste medlemmer: 7 medlemmer for innvandrarorganisasjonar og 7 for styresmaktene. Etter mandatet skal fylkesutvalet nemne opp to representantar med ein vararepresentant for kvar. Leiar i KIS skal vere ein politisk representant frå fylkesutvalet. Administrasjonen nemner opp ein representant med vararepresentant.

### Forslag til vedtak

For valperioden 2015- 2019 nemner fylkesutvalet opp følgjande medlemmer og varamedlemmer til Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland:

Medlemmer:

1:..... ( leiar)

2:.....

Varamedlemmer:

1: .....

2: .....

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.02.2016**

Føremålet med kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland ( KIS) er å leggje til rette for gode integreringsprosessar.

Kontaktutvalet har følgjande oppgåver:

- Skal vere eit organ for utveksling av informasjon om saker som er relevante for innvandrarane i fylket.
- Skal vere eit kontaktorgan og ein møteplass mellom innvandrara, politikarar og offentleg administrasjon i Hordaland.
- Kan definere satsingsområde og ta initiativ til prosjekt som vert følgd opp av aktuelle etatar.
- Kan drøfte alle sider ved norsk innvandringspolitikk og praksis, prinsipielle saker, men normalt ikkje enkeltsaker.
- Kan invitere relevante offentlege organ og organisasjonar til utvalsmøte og nemne opp arbeidsgrupper etter behov.
- Bør ta initiativ til møte, seminar og konferansar.
- Utføre andre oppgåver som KIS finn føremålstenleg.

### 3. Samansetjing:

Fylkesutvalet nemner opp to fylkespolitikarar og bystyret i Bergen ein kommunepolitkar. Administrasjonen i Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og IMDI Vest vel også ein representant. Kvar representant bør ha ein vararepresentant.

Medlemene i utvalet blir valde for fire år om gongen; dei offentlege representantane etter fylkesvalet og innvandarrepresentantane etter stortingsvalet. Leiar i KIS skal vere ein politisk representant frå Fylkesutvalet. Nestleiar skal vere ein innvandarrepresentant som vert vald av innvandrargruppa.

Arbeidet til utvalet vart sist evaluert i 2005. I denne evalueringa uttrykte medlemene eit sterkt ønskje om at kontaktutvalet burde vidareførast.